



BACHELOROPPGÅVE

Stille barn og inkludering

Silent Children and inclusion

Kandidatnummer 7

Kari Beate Ytrøy

ABLU3-1006-1 18H

Innleveringsdato 7. januar 2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjelde tilvisingar til alle kjelder som er brukta i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Innhaldsoversikt:

1.0 INNLEIING.....	4
1.1 Val av tema.....	4
1.2 Problemstilling.....	4
1.3 Omgrepssavklaring.....	4
1.4 Oppgåva si oppbygging.....	5
2.0 TEORI.....	5
2.1 Stille barn.....	5
2.2 Barn med introvert åtferd.....	6
2.3 Sosial kompetanse	7
2.4 Pedagogisk praksis og vaksenrolla i barnehagen.....	8
2.5 Inkludering i barnegruppa.....	8
3.0 METODE.....	10
3.1 Kvantitativ eller kvalitativ metode.....	10
3.2 Val av intervupersonar	11
3.3 Validitet og reliabilitet.....	11
3.4 Pilotstudie.....	12
3.5 Etiske omsyn.....	12
4.0 EMPIRI.....	12
4.1 Kva meiner pedagogane kjenneteiknar stille barn?.....	13
4.2 Sosial kompetanse.....	13
4.3 Korleis inkluderer pedagogane stille barn i barnehagen?.....	14
4.4 Tilrettelegging for stille barn i barnehagen.....	15

5.0 DRØFTING.....	16
5.1 Kjenneteikn stille barn.....	16
5.2 Sosial kompetanse.....	17
5.3 Inkludering.....	18
5.4 Tilrettelegging for stille barn i barnehagen.....	19
6.0 AVSLUTNING.....	20

Litteraturliste.....	21
----------------------	----

Vedlegg

1: Førespurnad informasjonsskriv

2: Intervjuguide 1

3: Intervjuguide 2

1.0 INNLEIING

1.1 Val av tema

Eg har valt dei stille barna, som viser introvert åtferd. Dei stille barna har lett for å bli «usynlege» i barnehage kvardagen, dei gjer ofte lite utav seg og kan vere «flinke til å ordne opp» utan å bli lagt merke til. Bakgrunnen for val av temaet er at alle barn har behov for positiv merksemd og bli sett for den dei er, og stille barn treng barnehagepersonell som har kunnskap og kompetanse om temaet. Forsking viser at stille barn er i risiko for å utvikle angst og depresjon seinare i livet og det er viktig at desse barna blir følgt opp tidleg. Eg har møtt stille barn i barnehagen og kjenner at eg brenn for desse barna som ofte blir gløymt i kvardagen i barnehagen. Undersøkinga kan vere nyttig for personale i barnehagen og gir kunnskap om temaet gjennom andre sine erfaringar. Min motivasjon er auka kunnskap om temaet og korleis eg kan møte desse barna i barnehagen.

1.2 Problemstilling

Problemstillinga: «*kva kjenneteiknar og korleis inkluderer pedagogisk leiar stille barn i barnehagen?*»?

Oppgåva er avgrensa ved å knyte den til pedagogen sine arbeidsmetodar og tilrettelegging i møte med desse barna. Bakgrunnen for val av problemstilling er å lære meir om kva som kjenneteiknar barn med introvert åtferd og korleis inkludering blir forstått knytt til desse barna i barnehagen. Å føle seg inkludert i fellesskapet handlar om ha nokon å leike med, dele felles opplevelingar og ta del i det sosiale fellesskapet i barnehagen. Rammeplanen seier barnehagen skal inkludere barn i meiningsfulle fellesskap og leggje til rette for sosial deltaking (Kunnskapsdepartementet, 2017).

1.3 Omgrepsavklaring

I søker etter fagstoff har eg støtt på ulike begrep på stille barn som til dømes sjenert, innagerande, innadvent og introvert. Eg har i oppgåva valt å bruke omgrepet introvert åtferd. Det vil sei at barnet kan sjå ut til å ha det bra i barnehagen, men viser ein åtferd som er unnvikande og tilbaketrekt i sosiale situasjonar i barnehagen. Pedagogisk ordbok definerer introvert som ..*innadvent, stille, sjenert personlighetstype eller væremåte som er sterkt subjektiv i sin orientering, gjerne sosialt tilbakeholden og primært interessaert i ideer og det «indre liv», ofte følsom og idealistisk* (Bø og Helle, 2014 s. 136).

1.4 Oppgåva si oppbygging

I kapittel 2 vert teori som er relevant for temaet presentert for å belyse dei stille barna og ulike perspektiv på inkludering. Sosial kompetanse og vaksenrolla er trekt inn då dette er vesentleg i barn sin utvikling og sosiale relasjonar. Kapitel 3 omhandlar metoden knytt til undersøkinga. Kapittel 4 presenterer funn i undersøkinga, og funn og analyser blir presentert inn i fire ulike kategoriar: kjenneteikn stille barn, sosial kompetanse, inkludering og tilrettelegging i barnehagen. Drøftingsdelen i kapitel 5 er delt inn i tilsvarende kategoriar. Oppgåva er avslutta med oppsummering av problemstillinga.

2.0 TEORI

I dette kapitelet presenterast teori som er relevant for temaet og problemstillinga, gjennom ulike teoretikarar sin faglege vurdering av temaet stille barn og inkludering. Eg har også valt å ta med sosial kompetanse (Ogden, 2015, Lamer, 2016) som er ein viktig del av barnet sin utvikling i samhandling i leik, bygging av vennskap og gode relasjonar i barnehagen. Temaet stille barn og inkludering er store emne og eg har avgrensa til det mest relevante for problemstillinga.

2.1 Stille barn

Stille barn gjer lite ut av seg og vi legg ikkje så godt merke til dei i kvardagen. Stille barn blir ofte usynlege i forhold til barn som gjer meir ut av seg. I boka *Snill* av Gro Dahle (2009) blir jenta Lussi karakterisert som den snille, stille og flinke jenta, som vart usynlege.

Er ikkje Lussi pen og fin? Gullet til moren sin. Solstrålen til faren sin. Har du sett slik en jente! Har du høyrt slik en jente! Ikkje en lyd! Bare snill og flink og ti og tjue millioner stille. Så stille at plutseleg en dag forsvant hun bare (Dale og Nyhus, 2009 s. 5).

Det er viktig å forstå at dei stille barna er forskjellige og det kan vere ulike grunnar til at barn er stille. Barsøe (2017 s. 30) tar for seg ulike kjenneteikn ved stille barn. Stille barn viser ofte unngåande og avvisande åtferd, nokon stille barn kan sjå ut som dei set sine behov til side og prøver å oppfylle alle forventningar som dei blir stilt ovanfor. For nokon engstelege barn kan det vere problematisk med det som er uforutsigbart og som kjem som ei overrasking på barnet. Stille barn kan ha ein avvikande verkelegheitsoppfatning og bruke all sin energi på de som dei oppfattar som truande og vanskeleg. Dei stille barna kan vere vanskeleg å tolke fordi dei skjuler usikkerheita og frykta dei føler (Barsøe, 2017). Det er ein utbreitt oppfatning at desse barna må få lov til å vere stille og forsiktige fordi alle folk er forskjellige. Det er likevel den vaksne sitt ansvar å gripe inn og gjere noko dersom nokon er så stille at det hindrar læring og positiv

samhandling og gir ei oppleving av å ikkje høyre til (Lund, 2004). Stille barn kan ha ulike strategiar for å gøyme seg bort og prøve å unngå situasjonar og opplevingar som følast truande. Dei stille barna kan vere vanskeleg å tolke og å komme inn på fordi dei ofte skjuler usikkerheita og frykta dei føler. De liker ikkje å bli lagt merke til og bli vurdert av andre (Barsøe, 2017).

Når det gjeld kjønnsforskjellar er det ganske likt når dei er små, men litt fleire jenter ved aukande alder. Wichstrøm m fl. (2011) fann angstlidingar i undersøking av ei gruppe på 995 fireåringar og fann at 12,5 prosent hadde vanskar i ein slik grad at det var diagnostiserbart. Halvparten av desse vanskane klassifiserte som innagerande vanskar, der man fant angstlidingar (Wichstrøm m fl. 2011, i Flaten 2015).

2.2 Barn med introvert åtferd

Lund (2014 s. 27) definerer innagerande åtferd som ..en åtferd der følelser, opplevelser og tanker holdes og vendes innover mot en selv. Uttrykk som kommuniseres, kan være sårbar, avisende, deprimert, tilbaketrykkt, angst og usikkerhet. Lund (2014) skil mellom innagerande barn og innagerande åtferd. Innagerande åtferd er knytt til gitte situasjonar og kontekstar. Barn er ikkje innagerande, men kan vise teikn til innagerande åtferd som tilbaketrekt i sosiale situasjonar, trist uttrykk, nedslått blikk og det kan vere barn som kan vere vanskeleg å få kontakt med. Emosjonelle utfordringar kan ta slik plass at det er vanskeleg å konsentrere seg om det som skal lærast. Det er viktig å kunne kjenne igjen typiske trekk slik at tiltak og tilrettelegging kan skje før åtferda blir låst fast og blir eit mønster for barnet det gjeld (Barsøe, 2017). Den tilbaketrekte åtferda kan få konsekvensar allereie i barnehagealderen der barnet kan opplevast som ein lite interessant leikekamerat og ha vanskar med å etablere vennskap eller komme inn i frileiken. Barnet kan av andre barn oppfattast som avisande ved å halde seg på sidelinja av fellesskapet i barnehagen. Den innagerande åtferda kan vere eit teikn til mistilpassing og konsekvensane kan verte at barnet klager over vondt i magen, hovudet eller kvalme (Lund, 2014 s. 25). Lund (2014, s. 39) hevdar det er ein fare ved å lage stereotyper om «dei stille barna» utan å ta omsyn til variasjonane som eksisterer innafor gruppa. I motsetnad til innagerande åtferd blir utagerande åtferd i vår kultur ofte definert som eit åtferdsproblem og kan illustrerast med uro, sinne, konfliktskapande og fysisk utagering (Lund, 2014 s. 30). Innagerande åtferd er i mindre grad definert som eit problem for omgjevnadane, men er eit vel så stort problem for barnet det gjelder (Ogden, 2015). Det er forbindelse mellom sjenerete barn, avisning og mobbing i seinare barndomsår (Lund, 2014 s. 24). Mange barn lærer å skjule angsten sin og det kan vere vanskeleg å oppdage. Flaten (2015) skriv at ubehandla angst ofte fører til sosiale vanskar og helseproblem seinare i livet. Sosial angst fører ofte til ein åtferd der ein unngår det som gir ubehag, som igjen hindrar tilvenning til og erfaring med sosiale situasjonar. Over tid verkar det forsterkande på angsten (Beidel og Turner 2007).

2.3 Sosial kompetanse

Sosial kompetanse handler om å integrere tanker, følelsar og atferd for å utvikle kunnskaper, ferdigheter og holdninger som gjør det mulig å etablere og velikeholde sosiale relasjoner. Den fører til en realistisk oppfatning av egen kompetanse, sosial mestring på kort og på lang sikt, sosial aksept og personlige vennskap (Ogden, 2015 s. 228).

Lamer (2016) seier at sosial kompetanse kort og godt handlar om å meistre samspel med andre (Lamer, 2016 s. 8). Gjentatte negative erfaringar kan svekke barnet sosiale oppfatning av seg sjølve og meistringsfølelsen, noko som kan føre til at ein går glipp av mange positive erfaringar og læringsprosessar som eit godt sosialt samspel kan bidra med. *Sjølvhevding er å heve seg sjølv og sine eigne meningar og interesser, tørre å stå imot gruppepress, være aktiv, deltakande og medverkande i fellesskapet, ta initiativ og delta i samtaler, leik og ulike aktivitetar er ein av dei fem delområda ved arbeid med sosial kompetanse* (Lamer, 2016 s. 21). Dette området er viktig for å forstå utfordringane eit barn med introvert åtferd kan stå overfor. Korleis kan barnet hevde seg på ein slik måte at ein blir ein attraktiv leikekamerat og deltar i barnehagen sitt fellesskap. Alle barn er ikkje like synlege i barnehagekonteksten (Lamer, 2016). Det vil sei at barn vil ha ulike moglegheiter til å bli sett, hørt og forstått og gitt ei stemme (Eide og Winger, 2006).

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel (Kunnskapsdepartementet, 2017 s. 22). Sidan barn tileigner seg sosiale ferdigheter i samspel med andre menneske, og barnehagen er ein viktig arena i så måte. Leiken har ein eigenverdi og har ein sentral plass i barnehagen, gjennom leiken utviklar barna sosial samhandling (Kunnskapsdepartementet, 2017). Forsking viser at sosialt risikoutsette barn i særleg grad vil tene på at barnehagen iverksett tidleg målretta tiltak som fremmer sosial kompetanse og inkludering. Ein fellesnemnar for barn med innagerande og utagerande åtferd er at de viser dårlig sosial kompetanse til å lykkast i samspel med andre (Barsøe, 2017). Dersom barna skal ha moglegheit til å utvikle sin sosial kompetanse må de erfare positivt samvær med andre. Det er derfor viktig at de vaksne i barnehagen har kunnskap om korleis de skal legge til rette for alle barn sin læring og utvikling (Barsøe, 2017). Undersøkingar i norske barnehagar viser at systematisk arbeid med å fremme sosial kompetanse kan redusere både utagerande og innagerande problemåtferd (Lamer, 2016 s. 10-11). Leiken utgjer ein stor og viktig del av barn sin aktivitet saman med andre. Barn må kunne lytte til andre, vente på tur, inngå kompromiss, hjelpe og dele med kvarandre, forhandle om leiketema og avtale roller og bidra med egne forslag og idear (Lamer, 2016 s. 13). Rammeplanen (2017) legg vekt på at utvikling av sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. Det blir slått fast at alle barn skal kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barna skal få hjelp til å meistre

balansen mellom å dekkje eigne sine behov og ta omsyn til andre sine behov (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Lev Vygotskij (1896-1934) framfører prinsippet om den nærmeste utviklingssone (ZPD) Denne sonen er forskjellen mellom det barnet meistrar aleine, og det barnet meistrar med hjelp og rettleiing frå ein vaksen. Oppgåveløysinga må finne seg innanfor barnet nære utviklingssone (Haugen, 2015 s. 26). Dette er Bruner sin stillasbygging med støttande vaksne i samspel med barn i utvikling (Drugli, 2018 s. 304). Omsorgsfulle vaksne kan gjere ein forskjell for stille barn som strever med sosiale relasjonar og ta del i fellesskapet i barnehagen. Introverte åtferd hos barn kan gje utfordringar som å komme inn i leiken og stå opp for seg sjølve. Barnehagen er eit viktig miljø for barn og bør vere prega av kvalitet og omsorg. God eller profesjonell omsorg inneberer ekte og personleg omtanke for barna (Tholin, 2014). Studiar viser at barnehagar med god kvalitet har ein positiv innverknad på barn sin utvikling. (Haugen, 2015 s. 23-26).

2.4 Pedagogisk praksis og vaksenrolla i barnehagen

Over 80 % av alle barn under tre år går i barnehage (Statistisk sentralbyrå, 2017). Dette har stor betydning for den pedagogiske praksisen i barnehagen. Greve (2018) fann tre ulike områder som hadde betydning i barn sine relasjonar med jamaldringar: leik, tilhørsle og vennskap. Det å ha venner å leike med, og føle tilhørsle til fellesskapet blir lagt stor vekt på (Glaser, 2018). Alle barn treng tryggheit og omsorgsfulle, og nærverande vaksne, og spesielt barn som viser seg tilbaketrekt i samspelrelasjonar med andre. Det er personalet sitt ansvar å sørge for at barn får den hjelpen dei trenger, og om nødvendig søkje hjelp frå andre instansar (Sjøvik, 2014). Vaksenrolla har betydning for korleis barn blir inkludert i leik og fellesskapet i barnehagen.

I barnet sine første tre leveår skjer det mykje i den emosjonelle utviklinga til barnet. Barnet skal bli kjent med og handterer følelsar og utvikle evna til å erfare, handtere og uttrykke både negative og positive følelsar. Det å kjenne igjen og skilje mellom ulike følelsar både hos seg sjølv og andre er eit grunnlaget for å kunne vere saman med andre. Ingrid Lund (2017) skriv i ein artikkel i *Barnehagefolk* (1/2017) at dei stille barna er avhengig av at vaksne rettar fokuset mot den stille og tilbaketrekte åtferda. Vaksne som tar barnet sitt perspektiv og retter merksemda mot barnet sin subjektive verden, og prøve å forstå barnet sin åtferd (Lund, 2017).

2.5 Inkludering i barnegruppa

Inkludering er eit begrep som i dag brukast både i forbindelse med politikk, samfunnsliv og forsking. (Korsvold, 2011). Arnesen (2017) seier at inkludering er eit mangetydig og komplekst fenomen. I

Salamanca-erklæringa blei inkluderingsbegrepet beskriven som eit prinsipp, og eit heilskapande livs- og samfunnsperspektiv der alle barn sin rett står sterkt (Arnesen, 2017). Barnehagen har ei viktig oppgåve å inkludere alle barn, uavhengig av sosial bakgrunn og funksjonsnivå. Og skal bidra til at alle barn utviklar og unytter potensiale utifrå sine føresetnadar (Ogden, 2015 s. 77). Inkludering i barnehagen handlar om å legge til rette for sosial deltaking der kvart enkelt barn kan delta ut frå eigne behov og føresetnadar (Kunnskapsdepartementet 2017 s. 40). Inkluderande meiningsfulle fellesskap med eit barnehagemiljø med plass til det enkelte barn (Kunnskapsdepartementet, 2017) Inkludering handlar blant anna om å legge til rette for sosial deltaking der trivsel, tryggheit, glede, humor, anerkjenning og meistring er stikkord. Barnehagepersonell forpliktar å inkludere alle barn i barnehagen, samt forebygge og stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelmønster i barnehagen. Barnehagen har også eit særleg ansvar for å sikre god og tidleg hjelp til barn som har behov for særskilt oppfølging (Arnesen, 2017 s. 19).

I arbeid med barn i barnehagealder er det viktig at personalet har kunnskap om inkludering, dette gjeld særleg knytt til barn med introvert åtferd. Barn som manglar ei oppleveling av leik og leikande samspel i eit inkluderande miljø, kan sitte igjen med ein følelse at det er «noko galt med meg» (Pape, 2016 s. 212). Inkludering i barnehagen blir sett i samanheng med tilhørsle, vennskap og gode relasjonar og deltaking i leik og aktivitetar i barnehagen sitt kvardagsliv (Arnesen, 2017 s. 155). Å skape rom for inkludering i barnehagen med barn som aktive deltakarar i egen utvikling og i samspel med andre barn og vaksne. Bae (2004) vektlegg barn som subjekt som skaper av ein barnehagekvardag i samspel med andre barn og vaksne (Korsvold, 2011). Bae (2009) seier: «*Det å møte barn som subjekt innebærer å anerkjenne individets rettigheter i forhold til egen opplevelsесverden*» (Tholin, 2015 s. 77). Anerkjenning er å gje barnet rett til eigne meininger, opplevelingar og veremåtar. Det er ei grunnleggande haldning tufta på likeverd og respekt (Barsøe, 2017).

Inkludere betyr på latin å *innbefatte* (Korsvold, 2011). For å forstå korleis fellesskapet verkar, blir relasjonar, samspel og prosessar viktige aspekt ved inkludering og ekskluderingsprosessar i barnehagemiljøet av barn og vaksne (Korsvold, 2011). I rammeplanen (2017) står det at barnehagen skal legge til rette og tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte, eit inkluderande og likeverdig tilbod (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Kari Pape (2016) legg til grunn leikande samspel som ein føresetnad for inkluderande fellesskap. Dei vaksne sine handlingar og haldningar i møte med barn, vil vere avgjerande. Relasjonskompetanse er viktig for å utføre dette arbeidet i praksis, og blir påverka av dei vaksne sitt syn på barn og barndom. I dag ser vi at vennskap mellom barna er av stor betydning for meistring, trivsel og tryggheit. Barnehagen som institusjon oppfyller alle kriteria som ligg til grunn for at barn skal utvikle vennskap. Barn som føler seg aleine i barnehagen er avhengig av leikande samspel mellom barn og mellom vaksne og barn. Leikande samspel kan føre til auke moglegheiter for deltaking i leik. (Pape, 2016).

Kostøl (2016) fann at inkludering i barnehagen dreier seg om barnehagen sine omsorgspersonar evner til å skape ein atmosfære som er prega av nær tilknytting og anerkjennelse. Tilsvarande kartleggingsundersøkingar er gjennomført i seks danske kommunar av *National Center for skoleforskning ved Aarhus universitetet* og viser stor variasjon internt i kommunane (Arnesen, 2017 s. 55). Anerkjennung kjenneteiknast av likeverd og respekt. Det er å prøve å forstå korleis det opplevast frå barnet sin ståstad. Det inneberer at barnet har rett til å ha sine eigne meiningar, opplevelingar og veremåte (Barsøe, 2017).

Inkludering kan sjåast i samspelet mellom menneske i ulike situasjonar og under ulike strukturelle forhold. Slike forhold består blant anna av tid, rom, materialar, aktivitetar og kroppar. Samhandling mellom ulike menneske i barnehagen involverer kroppar og kroppsleg samhandling. Ved bruk av kroppen beveger personalet seg nær inn på barna og skaper både nærlig og distanse. Det er derfor viktig å vere klar over kva signal ein sender ut (Arnesen, 2017 s. 186). Ein må arbeide aktivt for å skape rom for de stille barna sine meir forsiktige stemmer og veremåtar. (Barsøe, 2017).

3.0 METODE

Metode er framgangsmåten, som man bruker for å komme fram til svar på spørsmål og kunnskap innafor eit bestemt felt. Metode vert definert som..*en framgangsmåte, et middel for å løse problemer og komme fram til ny kunnskap....* (Dalland, 2017 s. 50).

3.1 Kvantitativ eller kvalitativ metode

Val av metode handlar om å finne metoden som vil belyse spørsmåla eller problemstillinga på ein best mogleg måte (Dalland, 2017 s. 51). Valet står mellom kvantitativ eller kvalitativ metode. Kvantitativ metode kan gje oss data i form av einingar som er målbare, for eksempel i form av ein spørjeundersøking. Med bakgrunn i problemstillinga er det valt kvalitativ metode for å hente inn data. Ei kvalitativ tilnærming tar sikte på å fange opp opplevelingar og meiningar som kan vere vanskeleg å måle eller talfeste (Dalland, 2017 s. 52). Formålet med kvalitative intervju er å få fram den enkelte sin forståing og fortolking av eit fenomen. Undersøkjer samlar inn data så opent som mogleg og legg få føringar på det som skal undersøkjast (Jacobsen, 2015 s. 56).

Innsamling av data vert gjort i form av semistrukturerte intervju. Intervju egnar seg godt til å komme nær intervjugersonen og omfattar både kroppsspråk og det som blir sagt i intervjuet. Dei svake sidene er at metoden tar tid og kan vere ein arbeidskrevjande form for innhenting av data. Ein treng tid og rom for å kunne utføre undersøkinga og få med seg alle detaljar gjennom kroppsspråk og mimikk. I Intervjuet er det nytta bandopptakar for å få best mogleg kvalitetssikring av innhaldet frå informantane (Dalland, 2017).

3.2 Val av intervjugpersonar

Intervjugpersonane er valt på bakgrunn av yrkesutdanning og erfaring frå barnehagen. Datainnsamlinga er henta frå tre pedagogiske leiarar/barnehagelærar i tre ulike barnehagar i Sunnfjord som har vore pedagogar i minst 3-4 år. Intervjuguiden vart sendt på e-post til pedagogane nokre dagar i forkant av intervjugmøta. Dette kan vere med å gje meir utfyllande svar enn å svare på spørsmål der og da. Intervjugpersonane har blitt anonymisert i teksten og har fått kodenamn P (Pedagog) 1, 2 og 3.

P 1 er ei kvinne på 43 år, utdanna førskulelærar med snart 20 års erfaring som pedagogisk leiar. P2 er ei 50 år gammal kvinne med styrarutdanning. Ho har åtte års erfaring som pedagogisk leiar og har mest erfaring frå storbarnsavdeling. P3 er ei kvinne på 42 år med erfaring som pedagogisk leiar i 5 år.

3.3 Validitet og reliabilitet

Kravet om validitet og reliabilitet må vere oppfylt for at metodane skal gje lesaren truverdig kunnskap. Spørsmål i undersøkinga heng saman med metodeval og korleis data er samla inn og eventuelle feilkjelder som kan ha påverka resultatet. Reliabilitet er eit kriterium for kvalitet i forsking, og handlar om pålitelegheit og nøyaktigkeit i undersøkinga. (Dalland, 2017 s. 55). Validitet handlar om gyldigheit og relevans i forhold til problemstillinga som er valt (Dalland, 2017 s. 40). I eit intervju kan det vere mange feilkjelder i kommunikasjonsprosessen, som kan redusere pålitelegheita i eit intervju (Dalland, 2017 s. 60).

Det blei sendt ut informasjonsskriv til styrar i intervjugpersonane sin barnehage om førespurnad til pedagogar med erfaring som kunne tenke seg å stille til intervju. Sjølv intervjeta blei gjennomført ved personleg oppmøte i barnhagen til intervjugpersonane, i kjente omgjevnader for pedagogane. Intervju vart gjennomførte med bandopptakar, og intervjugpersonane blei gjort klar om dette i forkant. Det blei seinare omgjort frå munnleg til skriftleg form for enklare å kunne strukturere funna. Optak blei gjort for å få ein betre innsikt i oppfatninga til intervjugpersonane og svara som vart gitt. Bandopptak vil hjelpe til med analysearbeidet i etterkant, fordi merksemda kunne rettast mot den som vart intervjeta. Observasjonar av kroppsspråk og det intervjugpersonen gjer vart notert undervegs. Ingen uttrykker seg likt under eit intervju, nokon svarar spontant på spørsmål medan andre treng meir tid til å tenkje før dei svarar. Transkripsjon (Kvale og Brinkmann, 2009) er ein viktig del av intervjugprosessen, og krav til nøyaktig handtering av rådata frå tale til tekst er essensielt for krav om kvalitet (Dalland, 2017). På grunn av vanskar med å få fleire informantar til undersøkinga vart det vurdert at mengda innsamla data var tilstrekkeleg.

3.4 Pilotstudie

Pilotintervjuet vart gjennomført i barnehagen der eg arbeider. Intervjupersonen har jobba fleire år som pedagogisk leiar med dispensasjon, men er no nyuttanna barnehagelærar. Målet med eit testintervju er å få konkrete tilbakemeldingar på spørsmåla til intervjuguiden og kor relevant dei er til problemstillinga. Samtidig var testing av opptaksutstyr og kor lang tid intervjuet tok, eit viktig forarbeid. Tilbakemeldingane frå intervjupersonen var positive. Intervjuet vart avbroten av tilsette som kom innom kontoret der intervjuet fann stad. Dette synest pedagogen var litt forstyrrende, og det vart brukt litt tid på å finne igjen sporet i samtalet. Pedagogen opplevde at det var nyttig å få tenke litt grundigare igjennom spørsmåla på forhand, då to av spørsmåla var todelt og litt vanskelege å svare på. Mine refleksjonar rundt dette har gjort at spørsmåla vart endra på i den endelege intervjuguiden.

3.5 Etiske omsyn

Kvale og Brinkmann (2015) seier at intervjuar og den som blir intervjeta saman produserer kunnskap om temaet. Som Kvale og Brinkmann (2015) er intervjuperson nytta om den som blir intervjeta, eit nøytralt begrep som slår fast at det er ein person som blir intervjeta. I eit kvalitativt intervju ønskjer ein å minske avstand mellom intervjuar og den som blir intervjeta. I denne relasjonen blir intervjukunnskapen produsert og samspelet krev både empati og respekt frå intervjuar (Dalland, 2017 s. 64- 65). I kvalitative intervju er det nokon etiske retningslinjer som ein må ta omsyn til. Dette gjeld blant anna kravet om informert samtykke etter at intervjupersonen blir informert om undersøkinga sitt formål og bruk (Kvale og Brinkmann, 2009). Hovudregelen er at forskingsprosjekt krev deltakaren sin informerte og frie samtykke. Intervjuperson signerer under på ein samtykkeerklæring (Ringdal, 2018), men kan til ein kvar tid trekke seg frå prosjektet . Behandlinga av personalopplysningar er veldig viktig når det gjeld forskingsetikk, krav til tausheits plikt og anonymitet i oppgåva må følgst opp (Dalland, 2017).

4.0 EMPIRI

Empiri er kunnskap bygd på erfaring (Dalland, 2017), og det er intervjupersonane sin kunnskapar, ferdigheter, erfaringar og tankar som blir presentert. I følgje Jacobsen (2015) skal empirien tilfredsstille to krav, den må vere gyldig og relevant og samtidig påliteleg og truverdig (Jacobsen, 2015). Eg har valt å presentere funna i fire kategoriar: kjenneteikn på stille barn, sosial kompetanse, inkludering og tilrettelegging for stille barn i barnehagen. Denne fjerde kategorien er lagt til fordi den er vesentleg for å få fram korleis pedagogane arbeider for å legge til rette for dei stille barna i barnehagen.

4.1 Kva meiner pedagogane kjenneteiknar stille barn?

Intervjupersonane ble bedt om å forklare kva dei meiner kjenneteiknar stille barn. Det kom fram tre forskjellige tolkingar av kva som kjenneteiknar stille barn, men med den same bodskapen i seg. P1 seiar dei stille barna forsvinn litt i mengda og ikkje gjer så mykje utav seg. «I ein hektisk kvardag så er det ofte dei barna som ikkje får så mykje oppmerksamhet» (P1). Det kan vere vanskeleg for dei stille å tre fram og sei noko. Ho seier: «*dei stille barna trekk seg ofte ved voldsom leik, og det er ofte dei hamnar litt på sidelinja*» (P1). P2 seier dette om dei stille barna: «*Eg tenkjer dei stille barna er rett og slett ungar som ikkje uttalar seg i store forsamlingar. Du ser det på blikket at dei er litt sånn observerande og dei torer ikkje sei noko*» (P2). Ho trur det ligg i at dei ikkje vil ha merksemd på seg og har liten lyst til å utlevere seg sjølv. «*Dei vil eigentleg ikkje at nokon skal sjå dei*» (P2). P2 fortel om eit stille barn i barnehagen som ikkje deltar i leiken med dei andre. Ho fortel at dei stille barna kjem meir fram og gjere seg meir til kjenne når det er ein til ein situasjonar. P2 erfarte eit barn som starta på avdelinga i haust som veldig stille. «*Han seier ingenting i samling og han er ikkje den som samtalar når vi set rundt bordet og finn på noko. Han observerer heile tida*» (P2). Og ho fortel at han blir opplevd som litt klengete på dei vaksne. Foreldra opplever han som ein aktiv gut som lever ut alle inntrykka frå barnehagen heime. «*For mange år sida hadde eg ein slektning av dette barnet, som hadde selektiv mutisme. Det er litt spesielt at det er same slekta.* P3 fortel det same som P1 at «*stille barn er dei som ikkje gjer så mykje utav seg*» (P3). Ho nemner og at det er dei barna som litt usynlege, og som ikkje hevdar seg eller ropar høgst på nokon som helst måte. «*Dei som ofte berre er der utan at du legg så mykje merke til dei, i motsetnad til dei som ropar høgst og krev meir i gruppa*» (P3). P3 fortel at det kan vere vanskeleg for stille barn å seie noko i situasjonar der barnet må svare individuelt på eit spørsmål for eksempel i samlingsstund. Eller ta sjølvstendige val om kva barnet har lyst å gjere på. «*Barnet vel ofte utifrå kva andre vel*» (P3). Det kan ha betydning om den personen/personane barnet er knytt til er på den gruppa. P3 fortel: «*kanskje det har med tryggheit å gjere at barnet vel utifrå person og ikkje kva dei har lyst å leike*» (P3). P1 fortel at det er forskjellige grader av stille barn. «*Du har dei som utmerkar seg veldig*» (P1). Alle tre pedagogane fortel at dei har eller har hatt stille barn i si barnegruppe og kjenneteikna kan vere tilbaketrekt åtferd i leik og i større grupper.

4.2 Sosial kompetanse

Intervjupersonane blei beden om å fortelje om stille barn var eit tema som vart satt ord på i personalgruppa. P1 fortel at det var spesielt eit barn ho tenkte på då ho såg spørsmåla. «*Vi har nett hatt ein episode der ein av dei tilsette var usikker på om ho hadde sett eit enkeltbarn og hadde ein følelse av at det barnet var eit barn som ho gløynte*» (P1). Ho fortel vidare at dette var eit barn som veldig ofte trekte seg vekk, spesielt i uteleiken, men opplevde at dette barnet sjølv ønskte å vere litt i fred. Personalgruppa brukar mykje observasjon, som refleksjon på avdelingsmøta. «*Temaet vart då korleis vi skulle få barnet inn i*

leiken» (P1). P2 seier at dei brukar avdelingsmøta og går gjennom enkeltbarn og ser kva dei kan gjere for at dei skal komme seg opp og fram. Ho seier det handlar om korleis vaksne kan legge til rette for stille barn i barnehagen. «*Det handlar om å komme inn i leiken og involvere seg med dei andre barna»*(P2).

Pedagogane vart beden om å fortelje om kva som vart gjort i barnehagen for å fange opp barn som slit. P3 seier dei nyttar avdelingsmøta til å diskutere observasjonar i form av praksisfortellingar. «*Desse praksisfortellingane hjelper oss til å reflektere og endre vår praksis»* (P3). Barnhagane til P2 og P3 nyttar kartleggingsskjemaet Alle med ved behov for å sjå på utviklinga til enkeltbarn. Desse observasjonane blir brukt for å gjer alle er klar over situasjonen og at alle jobbar likt opp mot barn som slit.

Intervjupersonane fekk spørsmål om korleis barnehagen arbeider for å fremme sosial kompetanse og deltaking i leik og fellesskap for dei stille barna. To av intervjupersonane seier at sosial kompetanse omhandlar relasjonar og vennskap i barnegruppa. P1 seier: «*Når det gjeld sosial kompetanse jobbar vi for at dei får felles kjekke opplevingar»* (P1). Ved å dele gode opplevingar skapar ein ei felles plattform for barnegruppa. Ho fortel det verkar samlande å ha eit felles utgangspunkt å snakke og samlast om. Ho fortel vidare at arbeid med sosial kompetanse omhandlar blant anna vaksne som støtter barna i leik og er gode modellar. P1 fortel at for dei stille barna kan det vere lettare å komme inn i leik i mindre grupper. P2 fortel at dei for eksempel har prøvd ut det å gå tur med to ungar. «*Du har kjempegod tid, kan stoppe opp og prate om ting. Det gjer til at ein får eit nært forhold til desse barna»* (P2). Ho seier at vaksne og ungane, og ungane seg i mellom får eit tettare forhold. P3 seier dette om å jobbe med sosial kompetanse i barnegruppa: «*Når vi jobbar med sosial kompetanse prøver vi å inkludere heile barnegruppa»* (P3). Ho nemner vidare: «Eg tenkjer at det å legge til rette for felles aktivitetar og øve på turtaking er vesentleg for samspelet i gruppa» (P3). I to av barnehagane eg besøkte blei samlingsstund brukt som ein arena for samtaler og rollespel, dette kunne hjelpe barna til å sette ord på egne tankar og følelsar.

4.3 Korleis inkluderer pedagogane stille barn i barnehagen?

Pedagogane vart bedne om å fortelje kva dei tenkjer om stille barn og inkludering. Det som kom fram var at dei såg det som utfordrande å jobbe med ei gruppe med veldig ulike barn. Det var lett for at dei som krev mest vart høyrte og sett. Og dei som krev mindre vart oversett. P1: «Eg tenker at det er utfordringar med ei gruppe med veldig ulike barn der nokon kan vere veldig krevjande. Det er lett for at det er dei som får veldig mykje og andre får mindre» (P1). Ho fortel at det er kjempeviktig å jobbe systematisk med dei stille barna og inkludere dei. «I og med at dei er så stille og rolege, så krev dei veldig lite» (P1). «Det å akseptere at personlegdomen er sånn, då kan du ikkje stille same krav som ein som er totalt i andre enden» (P1).

«Alle barn treng å vere ein del at fellesskapet i barnehagen» (P3). Dei stille barna er gjerne dei som står litt på sidelinja og observerer og ikkje gjer så mykje av seg. Stille barn kan vere gode på å skjule at dei har

vanskar eller vi lar dei vere i fred for dei er ikkje eit problem for andre. Pedagogen beskriv det slik: «*Dei stille barn kan vere gode på å skjule vanskane eller vi lar dei vere i fred for dei er ikke eit problem for andre i barnehagen»* (P3).

Personalet i barnehagen kan legge til rette for barn som har vanskar med å komme inn i leiken. Mindre leikegrupper ser vi fungerer for då kjem enkeltbarn meir fram. Trygge vaksne og gode rammer er med å skape eit godt barnehagemiljø for alle». Fellesskapet er viktig for å føle at ein hører til. Det å bli sett og hørt er ein del av det å få medverke i barnehagen, er noko av det som P3 vektlegg som viktig i arbeidet med dei stille barna og inkludering (P3).

Bemanning er eit tema i ein av intervjupersonane sitt svar. Problematikken knytt til nok bemanning og gode rammer for å kunne til legge til rette og inkludere dei stille barna. «*Eg tenke at du skal ha tida til å ta deg av eit barn som treng litt ekstra»* (P2). Ho fortel at det er lett for at stille barn dett litt igjennom i travle kvardagar. «*Eg veit ikke om da er eit svar, men det er i alle fall ei forklaring på verkelegheita, og det er jo synd»*, seier ho. (P2). Pedagogen hevdar at barn med utagerande åtferd blir sett og hørt på ein annan måte.

4.4 Tilrettelegging for stille barn i barnehagen

«Det vi har prøvd ut og har sett fungert i vår barnegruppe er å skape gode felles opplevingar» (P1). «Barna får ei felles referanse, og dette ser vi ofte igjen i barna sin leik» (P1). På storbarsavdeling har dei delt barnegruppa i to på tvers av alder og kjønn. Ho fortel at det har fungert bra, nye relasjonar blir til. «Og så er det sjølvsagt å skjerme dei gode vennskapa som er», fortel ho (P1). Pedagogen legg vekt på å skape nye vennskap og ta vare på dei vennskapa som allereie er i barnegruppa. «Nokon barn er meir med i vaksenstyrte leik og aktivitetar» (P1). P1 legg vekt på vaksenrolla i barnehagen. Det er viktig å ha personale som kan sjå dei stille barna, støtte dei og hjelpe dei inn i leikesituasjonar. Ho nemner stikkord som trygge stabile vaksne og gruppdedeling, samtidig som barna skal bli møtt på ein god måte. Vidare kjem det fram det med å støtte dei stille barna undervegs og utfordre dei litt. «*Vaksne må vise dei stille barna at vi ser dei og gje positive tilbakemeldingar»* (P1). P2 delar det som P1 seier om trygge forhold for dei stille barna og dele barna i mindre små grupper. «*Dersom det er sjenerete barn kan det vere lettare å sei noko når det er få menneske til stades»* (P2). Pedagogen fortel vidare at det er viktig å sette ord på dei stille barna. «*Det kan vere eit faremoment å gløyme dei som ikkje seier så mykje»* (P2).

«*Dei stille barna som slit med å komme inn i leiken kan hevde seg og komme meir fram i mindre grupper»* (P3). Pedagogen seier at spørsmåla fekk ho til å tenkje over kven ein ser på som stille i barnehagen og korleis det blir jobba for å få dei til å tre fram i gruppa. «*Dei vaksne har ei viktig rolle å vere tett på og leggje til rette for eit godt miljø og fellesskap i barnehagen, slik at alle barn skal ha det bra i barnehagen»* (P3).

«Det viktigaste i barnehagen er at barn har nokon å leike med og føler seg trygge og ivaretatt på ein god måte» (P3).

Pedagogen (P1) fortel og delar frå eigen barndom og egne erfaringar ho har med seg i møte med dei stille barna. Det ein har med seg av erfaringar er med å farge den jobben ein gjer. «*Det eg hugsar var at i mindre grupper turte eg å delta meir enn eg gjorde i større grupper» (P1).*

5.0 DRØFTING

I denne delen diskuterer eg ut frå problemstillinga: «*Kva kjenneteiknar og korleis inkluderer pedagogisk leiari stille barn i barnehagen?».*

5.1 Kjenneteikn stille barn

Dei svar som kom ut av empirien var ulike, men samsvarande likevel med det eg sjølv har funne på jakt etter relevant teori. Intervjua viser at pedagogane ser på stille barn som dei som forsvinn litt i mengda og ikkje gjer så mykje utav seg. Desse barna som gjerne er stille og snille, og som blir lett gløymde. Dei er ofte observerande og torer ikkje sei så mykje. Pedagogen trur det ligg i at dei ikkje vil ha merksemd på seg og har liten lyst til å utlevere seg sjølv og vil ikkje at nokon skal sjå dei (P2). Dette samsvarer med det Barsøe (2017) seier om at dei stille barna ikkje likar å bli lagt merke til og ofte skjuler usikkerheita dei føler (Barsøe, 2017). Dei stille barna viser ofte tilbaketrekt og unngåande åtferd. Lund (2014) seiar at stille barn viser teikn til innagerande åtferd som tilbaketrekt i sosiale situasjonar, trist uttrykk og nedslått blikk. Dei emosjonelle utfordringane kan hemme barnet i ein slik grad at det kan vere vanskeleg å konsentrere seg (Lund, 2014).

Ifølge pedagogisk ordbok blir introvert definert som ein personlegdom eller ein veremåte som innadvent, stille eller sjenert (Bø og Helle, 2014). Ein av intervjugersonane fortel om eit barn som observerer og held seg for seg sjølv, på sidelinja av dei andre barna. Han blir opplevd som litt klengete på dei vaksne (P2). Vaksne sine haldningar og syn på barn vil vere med å påverke korleis stille barn blir møtt i barnehagen (Pape, 2016).

Ein av grunnane til at stille barn dett litt igjennom kan vere at innagerande åtferd i mindre grad blir definert som eit problem for omgjevnadane (Ogden, 2015). Stille barn kan komme inn i ein negativ sirkel. Mange barn lærer å skjule angstsin, og prøver å unngå det som er ubehageleg (Flaten, 2015), det kan verte til hinder for at stille barn får erfaringar med sosiale situasjonar.

Ein av pedagogane nemner dette med bemanning og travle kvardagar, der dei stille barna som ikkje krev noko dett litt gjennom (P2). Det stemmer med teori frå Lund (2014), det er lettare å rette merksemda og støtte dei som viser initiativ, og viser tydeleg kva dei trenger. Det kan vere utfordrande å gje dei stille barna

det dei treng fordi dei sjølv ikkje krev noko. Dei ønskjer ikkje å få merksemrd rundt seg. I motsetnad til dei som ropar høgst og krev meir i gruppa. Pedagogane fortel at dei er merksame på kven dei stille barna i barnehagen er, men er usikre på korleis dei skal legge til rette spesielt for desse barna i barnehagen. Dette er i tråd med teori som viser at stille barn forsvinn i mengda, og kan bli oversett eller ignorert fordi dei ikkje rammer omgjevnadene på same måte som andre problemåtferder (Lund, 2014). Foreldre fortel også at dei ikkje kjenner igjen barnet sin åtferd, då dei opptrer annleis heime enn det som blir framstilt av dei tilsette i barnehagen. Barn med sjenanse kan fungere fint dersom barnet har vaksne som er sensitive og merksame på utfordingane barnet kan ha. Lund (2014) understrekar ein samanheng mellom sjenerte barn og avvisning og mobbing i seinare barndomsår. Flaten (2015) skriv at ubehandla angst ofte fører til sosiale vanskar og helseproblem seinare i livet.

Barn med introvert åtferd må sjåast som ei utfording for barnet det gjeld på lik linje med utagerande åtferd. Barn med sjenanse og introvert åtferd kan stå i risikosona for å utvikle angst dersom utfordingane får utvikle seg i negativ retning. Det er ein utbreitt oppfatning at desse barna må få lov til å vere stille. Pedagog 1 sine erfaringar med dei stille barna er at dei treng vaksne som er tett på og lyttar til barnet. Dette kan gje ei oppleving av å høre til (Lund, 2004). For nokon engstelege barn kan forutsigbarheit vere med på å trygge dei på det som skal skje (Barsøe, 2017).

5.2 Sosial kompetanse

Sosial kompetanse handlar om å meistre samspel med andre (Lamer, 2016). Undersøkingar i norske barnehagar viser at systematisk arbeid med å fremme sosial kompetanse kan redusere både utagerande og innagerande problemåtferd (Lamer, 2016 s. 10-11). Det kom fram at pedagogane brukte observasjonar og praksisfortellingar i personalgruppa for å fange opp enkeltbarn sine utfordingar i barnehagen. Det vart nemnt enkeltbarn som ein er usikker på om ein har sett eller har gløymt i ein periode eller har «forsunne» inn i barnehagen sin travle kvardag. Vidare kom de fram beskriving av stille barn som trekte seg ut av leiken når den vart for voldsom eller barn som ikkje deltok, og heldt seg meir på sidelinja, observerande og tilsynelatande opptatt i eigen leik. Positive erfaringar knytt til sosialt samspel og utvikling av sosial kompetanse kan styrke barnet sin oppfatning av seg sjølv og auke meistringsfølelsen til barnet (Lamer, 2016).

Sjølvhevding er eit av dei fem delområda innan utvikling av sosial kompetanse (Lamer, 2016). Stille barn viser ofte tilbaketrekt åtferd i sosiale situasjonar (Lund, 2014), og kan ha vanskar med å delta i samspel med andre fordi dei ikkje våger å stå fram. Eit av svara i undersøkinga var erfaring med eit stille barn som ikkje ønskte å bli inkludert i barnegruppa ved å vise avvisande åtferd. Dette barnet leikte mest med seg sjølv på sida av, og observerte det som dei andre gjorde. Då han kom heim leikte han ut det han hadde opplevd i løpet av dagen i barnehagen. Barn som strevar med å komme inn i leiken var eit tema for observasjon av

dei stille barna og arbeid med sosial kompetanse. Dei vaksen kan vere støttande og gje barna ei stemme for å bli hørt og involvere seg med andre. Bruner sin støttande stillas underbygger støttande vaksne i samspel med barn og utvikling av blant anna sosial kompetanse (Drugli, 2018). Vidare delte pedagogane sine erfaringar med å jobbe i mindre grupper som gjorde det lettare å sjå kvar enkelt på ein anna måte og få eit nærmare forhold til barna. To av pedagogane jobba for at barna skulle få gode felles opplevingar og fann dette vesentleg for samhaldet i barnehagruppa. Det å ha ei felles plattform som utgangspunkt å samlast om i leikesituasjonar var viktig for fellesskapsfølesen i gruppa. Samlingsstunda var ein viktig arena for å samtale om korleis barna skulle vere med kvarandre, og sette ord på førelsar. To av barnehagane nytta rollespel for at barna skulle erfare å sette seg inn i korleis andre opplever ulike situasjonar.

Introverte åtferd kan gje utfordringar som å komme inn i leiken og stå opp for seg sjølve. Vaksenrolla vart lagt vekt på i møte med dei stille barna. Ein pedagog fortel at arbeid med sosial kompetanse omhandlar blant anna vaksne som støtter barna i leik og er gode modellar. Omsorgsfulle vaksne kan gjere ein forskjell for dei stille barna. To av intervupersonane seier at sosial kompetanse omhandlar relasjonar og vennskap i barnehagruppa. Rammeplanen (2017) legg vekt på at utvikling av sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. Det blir slått fast at alle barn skal kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne (Kunnskapsdepartementet, 2017). Lund (2017) seier dei stille barna er avhengig av vaksne som rettar fokuset mot den stille og tilbaketrekte åtferda (Lund, 2017: 87:90).

5.3 Korleis inkludere stille barn i barnehagen?

I rammeplanen(2017) står det at «alle barn skal kunne erfare å vere viktige for fellesskapet» (Kunnskaps-departementet, 2017 s. 22). Inkludering handlar om å legge til rette for sosial deltaking, og den viktigaste arenaen for sosialisering i barnehagen er leiken. I følgje Ogden (2015) har barnehagen som målsetting å inkludere alle barn, uavhengig av sosial bakgrunn og funksjonsnivå (Ogden, 2015 s. 77). På den eine sida handlar inkludering om personalet sin veremåte og syn på barn. Vaksne sin veremåte kan enten skape nærheit eller distanse til barna. Vaksenrolla og pedagogisk praksis har betydning for om barnehagen er ein god plass å vere for barnehagebarn. Barnehagepersonell som evnar og har kunnskap om å sjå stille barn sine utfordringar kan til dømes støtte og hjelpe barnet til å komme inn i leikesituasjonar. På den andre sida kan manglande kunnskap gje utfordringar for korleis ein skal legge til rette for eit inkluderande fellesskap. Anerkjennande relasjonar gir premisser for gode prosessar for inkludering (Korsvold, 2011). Pedagogane ser utfordringa det er med ei barnehagruppe med veldig ulike barn. Det må stillast ulike krav til barn med ulik personlegdom, «*då kan du ikkje stille krav som er totalt i andre enden*» (P1). Det er lett for at det er dei som krev mykje som får mest og dei som krev lite får mindre. Det å jobbe systematisk med dei stille barna og inkluderer dei vart sett på som ei viktig oppgåve av pedagogane. Inkludering er noko barnehagen må

arbeide med heile tida, det er ikkje noko ein kan seie seg ferdig med (Arnesen, 2017). Inkludering, men og ekskludering kan seiast å skje gjennom heile barnehagekvarldagen i samhandling og samspel mellom barna i leik og i kvardagssituasjonar mellom vaksne og barn.

I intervjuet vart det nemnt gode rammer og trygghet for stille barn, det å føle at ein høyrer til i fellesskapet. Gode mogleigheter for å delta og føle at ein høyrer til høyrer til er noko av det som blir vektlagt (P3). I teoridelen (Barsøe, 2017) kjem det fram at stille barn treng forutsigbarheit, dette kan vere med å forberede og trygge barnet på det som skal skje (Barsøe, 2017). Mindre leikegrupper kan leggje til rette for barn som har vanskar med å komme inn i leiken. Pedagog 2 nemner også dette med å skape eit nært forhold til enkeltbarn med å ta to barn med på turar i nærmiljøet. Slik kunne barna lettare bli sett og høyrt enn om heile barnegruppa var med på tur.

Ein anna forklaring som kom fram er at manglande ressursar blir sett på som eit hinder for inkluderande praksis. Ein pedagog opplever dette: «Du skal ha tid til å ta deg av eit barn som treng litt ekstra» (P2). Bemannning og rammer legg føringar på korleis ein har ressursar til å legge til rette og inkludere dei stille barna. Pedagogane har ein grunntanke om kva inkludering dreiar seg om i praksis. Dei nemner at inkludering er det å «delta i fellesskapet og i leik med andre i barnehagen». Arnesen (2017) trekk fram vennskap, føle tilhørsle og gode relasjoner og deltaking i samanheng med inkludering i barnehagen (Arnesen, 2017). Barnehagen som institusjon har gode mogleigheter for at barn skal oppleve leikande samspel og leik i barnehagen (Pape, 2016). Likevel er det barn som føler seg aleine i barnehagen. Pape (2016) seier at eit barnehagemiljø prega av leikande samspel kan føre til at barn får auka mogleigheter til å delta i leik (Pape, 2016). Undersøkingar i norske barnehagar fann at atmosfæren i barnehagen har betydning for inkludering (Arnesen, 2017). Inkludering kan sjåast i menneskelege samspel og under strukturelle forhold. Det å vere klar over at samhandling involverer kropp og kroppsleg handling som anten kan skapt nærheit eller distanse mellom menneska i barnehagen (Arnesen, 2017).

5.4 Tilrettelegging for stille barn i barnehagen

Utvikling av sosiale ferdigheter og sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre (Kunnskapsdepartementet, 2017). På den eine sida treng stille barn erfaring med samspel og sosiale relasjoner med andre barn, på den andre sida kan det vere at barnet treng skjerming for det som kan opplevast som voldsomt eller vanskeleg å handtere. Vaksne som er tett på og ser barnet sine behov kan vere ei god støtte for stille barn. Tilrettelegging for barn med ulike utfordringar, var å dele barna i mindre grupper, på tvers av alder og av og til skjerme dei barna som trond det mest. I ein av barnehagen nemner pedagogen tiltak som å støtte dei stille barna undervegs, men og å tørre å utfordre dei. Engstelege og forsiktige barn trenger nokre gonger ein «startmotor» (Folkmann, 1999) for å komme i gang med å utforske verden (Barsøe, 2017).

Ein arbeidsmåte som kom fram i undersøkinga var å skape nye relasjonar og venskap, og skjerme dei vennskapa som var i barnehagen. I teoridelen kjem det fram av Greve (2018) tre ulike områder som hadde betydning i barn sine relasjonar med jamaldringar: leik, tilhørsle og vennskap. Venner å leike med, og tilhørsle til fellesskapet blei lagt stor vekt på (Glaser, 2018).

Trygge stabile vaksne og gruppdeling var stikkorda som gjekk igjen i svara frå dei tre barnehagane. Ein Pedagogen nemner små steg og støtte dei underveis og utfordre dei litt etter kvart som dei blir tryggare. «Vaksne må vise dei stille barna at vi ser dei og gje positive tilbakemeldingar». Pedagogen sine egne erfaringar er med å «farge» jobben ho gjer i møte med dei stille barna (P1). Desse erfaringane kan vere nyttige for kva stille barn treng for å få ein god kvardag i barnehagen.

6.0 AVSLUTNING

Den første delen av oppgåva handlar om kva som kjenneteiknar stille barn. I den andre delen ser eg på korleis pedagogisk leiari inkluderer stille barn i barnehagen. Denne oppgåva handlar om stille barn som tar liten plass i barnehagekvardagen. Eg ønskjer at alle barn skal bli sett og høyrt. Ingen barn skal behøve å grue seg til å gå i barnehagen. Å bli sett er eit grunnleggande behov alle menneske har. Eg trur ikkje stille barn vel å stå utanfor fellesskapet, med at noko gjer det for tøft for dei å delta. Stille barn kan streve med innagerande vanskar som kan vere vanskeleg å oppdage.

Den pedagogiske leiaren har eit stort ansvar for å få alle barn til å trivast i barnehagen. Ved å sjå, støtte og inkludere alle barn vil personalet kunne styrke følelsen av barnehagen som ein trygg stad å vere. I oppgåva har eg undersøkt korleis stille barn gjer seg til kjenne. Dei stille barna har mange ulike kjenneteikn som viser seg i relasjonar og leik i barnehagen. Pedagogane beskrev stille barn som barn som ikkje hevda seg i større grupper som i til dømes samlingsstund eller i leiken. Sosial kompetanse er sett i samanheng med tiltak og tilrettelegging for barn som viser tilbaketrekt eller avvisande åtferd. Stille barn kan streve med å etablere nye relasjonar og å ta kontakt. Åtferda kan tolkast som avvising og barnet kan reagere på ein måte som omgjevnadane ikkje heilt forstår. Dei treng meir tid enn andre til å bli trygge (Lund, 2014). I løpet av prosessen har eg lært mykje om temaet, som eg vil ta med meg vidare som pedagogisk leiari i barnehagen. Ein viktig tankevekkjar var at forsking viser at det er langt fleire barn med innagerande åtferd enn det ein gjerne trur, heilt ned i barnehagealder.

Formålet med undersøkinga var auka kunnskap om dei stille barna og korleis pedagogane arbeida med inkludering knytt til desse barna. Eg håper pedagogane som var med i undersøkinga har auka fokus på dei stille barna og tar kunnskapen sin vidare til personalgruppa. Gjennom arbeidet med prosjektet føler eg at eg har fått meir kjennskap til inkluderingsbegrepet knytt til stille barn i barnehagen. Om eg skulle ha gjort oppgåve om igjen ville eg endra spørsmålsstillinga knytt til forståinga av inkluderingsbegrepet for å gå

vidare inn i problematikken. Ved vidare arbeid med temaet kunne det derfor vore interessant å få eit djupare innblikk i barnehagane sin praksis rundt inkluderingsprosessar i barnehagen.

Litteraturliste

- Arnesen, A-L. (2017). *Inkludering. Perspektiver i barnehagefaglige praksiser*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Barsøe, L. (2017). *Ville og stille barn i barnehagen. Veier ut av låste atferdsmønstre*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Bøe I. og Helle L. (2014). *Pedagogisk ordbok. (3.utg)*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dahle, Gro (2009). *Snill*. Oslo: Cappelen Damm.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Flaten, K. (2015)(2.utgave). *Barn med sosial angst og sjenanse*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Flaten, K. (2015). *Psykisk helse, normalitet og angst*. Spesialpedagogikk 2/2015. Henta frå: <https://utdanningsforskning.no/artikler/psykisk-helse-normalitet-og-angst/>
- Glaser V., Størksen I., Drugli M. B. (red.) (2018). *Utvikling, lek og læring i barnhagen-forsking og praksis.(2. utg.)*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Haugen R. (2015). *Barns utvikling i barnehagealder – en utviklingspsykologisk innføring*. Oslo: Cappelen Damm.
- Jacobsen, Dag I. (2015). *Forståelse, beskrivelse og forklaring.(2. utg.)* Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Korsvold, T. (2011). *Barndom – barnehage – inkludering*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Lamer, K. (2016). *Barnehagen: Sosial kompetanse*. Oslo: Gyldendal akademiske.
- Lund, I. (2014). *Det stille atferdsproblemet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Lund, I. (2017). *Om å lytte til det stille atferdsproblemet*. Barnehagefolk (1), 87-90.
- Ogden, T. (2015). *Sosial kompetanse og problematferd blant barn og unge*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Pape K. (2016). *Jakten på den gode barndom. Lekende og inkluderende miljøer i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Ringdal. Kristen. (2018)(4. utg.). *Enhet og mangfold*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sjøvik, P. (2014). *En barnehage for alle-spesialpedagogikk i barnehagelærerutdanningen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tholin K. R. (2015). *Profesjonsetikk for barnehagelærere*. Bergen: Fagbokforlaget.

Vedlegg 1

Kari Beate Ytrøy

Sauesundet 56, 6985 Atløy

Atløy, 29. september 2018

Til styrar og pedagogiske leiarar i barnehagen

Førespurnad om å delta i bachelor prosjekt om temaet stille barn

Eg er student ved Høgskulen Vestlandet avdeling Førde og held på med siste året deltid barnehagelærar og bacheloroppgåve. Fokuset i prosjektet vil vere på stille barn i alderen 3-6 år.

For å finne svar på ulike spørsmål om stille barn sin kvardag, og merksemd rundt stille barn, ønskjer eg å gjennomføre kvalitative intervjuar med pedagogiske leiarar/barnehagelærarar i barnehagen. Eg ønskjer representantar frå begge kjønn og primært med minimum 3-4 års erfaring som pedagogisk leiar. Intervjuet vil bli utført som dialog, med utgangspunkt i ein intervjuguide. Til saman vil eg utføre fire intervju med informantar frå ulike barnehagar.

Deltaking i prosjektet vil innebere å delta i intervju med meg i barnehagen dykkar. Intervjuet vil ta ca. 45 minutt å gjennomføre. Eg ønskjer lydopptak av intervjuet. Lydopptak og personidentifiserande opplysningar behandlast og oppbevarast konfidensielt og er berre tilgjengelege for meg og rettleiar som begge har tausheitsplikt, og vil bli sletta ved prosjektsslutt.

Det er heilt frivillig å delta i prosjektet, og du kan på kva som helst tidspunkt trekke deg utan å måtte grunngje dette nærmare. Resultatet av undersøkinga er planlagt ferdig i januar 2019. Opplysningane blir anonymisert, og ingen enkelpersonar vil kunne gjenkjennast.

Ved spørsmål kan eg kontaktast på telefon 99 55 38 77 eller e-post kari.ytroy@gmail.com eller min rettleiar, Kirsten Flaten på telefon 57 67 61 47 eller e-post kirsten.flaten@hvl.no

Eg vil ta ei ringerunde i løpet av veke 41 for å høyre om de finn temaet interessant og om de ønskjer å delta i undersøkinga.

Eg set stor pris på om du tar deg tid til å delta i undersøkinga og håpar på eit positivt svar.

Med vennleg helsing

Kari Beate Ytrøy

Samtykkeerklæring:

Eg har mottatt informasjon om temaet stille barn, og ønskjer å stille til intervju:

Dato:

Signatur pedagogisk leiar: Telefonnr:

Eg godkjenner at pedagogisk leiar stiller til intervju i prosjektet.

Signatur styrar.....

Vedlegg 2

Intervjuguide (1) om «Stille barn»

Innleiing: Presentasjon av meg sjølv.

Problemstilling: Korleis møte barn med introvert åtferd i barnehagen?

Metode: Kvalitativt intervju, intensivt design med fire pedagogiske leiarar/barnehagelærarar

Varer i ca. 45 minutt.

Spørsmål:

Alder: Kjønn:

1. Kva meiner du kjenneteiknar stille barn? Kva tenkjer du ligg i handlinga til barnet når de vel stillheit?
2. Har du nokon i barnegruppa eller har hatt som du vil karakterisere som stille? I tilfelle kan du beskrive åtferda deira?
3. Er dette temaet noko det blir satt ord på i personalgruppa og korleis blir desse barna snakka om?
4. Kva gjerast i barnehagen for å fange opp barn som slit? Bruk av kartleggingsverktøy?
5. Rammeplanen (2017) seier: »*Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap og utvikling av sosial kompetanse er ein føresetnad for å kunne fungere godt saman med andre*» Korleis arbeider barnehagen for å fremme sosial kompetanse og leggje til rette for deltaking i leik og fellesskap for dei stille barna?
6. Forsking viser at det er like mange barn med introvert åtferd som barn med ekstrovert åtferd, kva tiltak tenkjer du kan fungere for stille barn?
7. Er det noko du ønskjer å legge til, avslutningsvis?

Vedlegg 3

Intervjuguide (2) «Stille barn-introvert åtferd»

Problemstilling: Korleis kjenneteiknar og inkluderer pedagogiske leiari barn med introvert åtferd i barnehagen?

Metode: Kvalitativt intervju, intensivt design med tre pedagogiske leiatar/barnehagelærarar

Spørsmåla vil bli utlevert før intervjuet.

Varighet: ca. 45 minutt.

Innleiingsspørsmål til informant: Alder, kjønn, yrkestittel.

Stille barn:

1. Kva meiner du kjenneteiknar stille barn?
2. Har du nokon i barnegruppa eller har hatt som du vil karakterisere som stille?
3. I kva situasjonar opplever du at barn er stille?

Stille barn - sosial kompetanse:

4. Er dette temaet noko det blir satt ord på i personalgruppa og korleis blir desse barna snakka om?
5. Kva gjerast i barnehagen for å fange opp barn som slit? Bruk av kartleggingsverktøy?
6. Rammeplanen (2017) seier: »*Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap og utvikling av sosial kompetanse er ein føresetnad for å kunne fungere godt saman med andre*« Korleis arbeider barnehagen for å fremme sosial kompetanse og leggje til rette for deltaking i leik og fellesskap for dei stille barna?

Stille barn - inkludering og tiltak

7. Kva tenkjer du om stille barn og inkludering i barnehagen?
8. Forsking viser at det er kan vere like mange barn med introvert åtferd som barn med ekstrovert åtferd, kva tiltak tenkjer du kan fungere for stille barn?
9. Er det noko du ønskjer å legge til, avslutningsvis?